

Meld deg som frivillig til Festidalen.

23.03.2018



Kom og ver med som frivillig på årets Festidalen.

**No hastar med at du går inn på heimesida til Festidalen og melder deg som frivillig. Mange oppgåver er tilrettelagt for frivillige, både før, etter og på sjølve arrangementet. Bruk påmeldingsskjema på [festidalen.no/frivillig](http://festidalen.no/frivillig)**

Lene Gjuvsland Skjelnes har ansvaret for rekruttering av frivillige til Festidalen. Lene fortel til Uskedalen.no at ho treng frivillige begge dagane. Det er likevel laurdagen det manglar flest folk.

På fredagen er det på vakthald ein treng folk. På laurdagen manglar ein frivillige på alle gruppene. I tillegg trengst det folk til scenerigg i forkant. Det er viktig å få fram at det er mobilscene i år. Dermed er det kortare riggefase som går over onsdag og torsdag i festivalveka.

***Utan frivillige – ingen festival.***

***Du kan også melda deg til frivilligansvarleg, Lene Gjuvsland Skjelnes, på mobil: 41517746***

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Arkivfoto



Meld deg på Festidalen si heimeside eller direkte til frivilligansvarleg Lene Gjuvslund Skjelnes på mobil 41517746.